

DETALJREGULERING  
STEINUTTAK PÅ GNR. 49 BNR. 3 og 11, STOKKELAND  
VESTNES KOMMUNE

## REGULERINGSFØRESEGNER

25.05.2023  
Rev. 23.08.2023



PlanID 15350160

# Føresegner for detaljregulering

## Steinuttak på gnr. 49 bnr. 3 og 11, Stokkeland

---

### REGULERINGSFORMÅL ETTER PBL § 12-5

Beyggelse og anlegg (§12-5, nr. 1)

Steinbrudd, masseuttak (BRU)

Grøntstruktur (§12-5, nr. 3)

Kombinerte grøntstrukturområde (GKG)

Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift, samla eller kvar for seg (§12-5, nr. 5)

Naturområde (LNA)

### 1. FELLESFØRESEGNER

- 1.1 Målsettinga for denne reguleringsplanen er å kunne vidareføre eksisterande uttak av stein ved sprenging av fjell.
- 1.2 Ved anleggsarbeid, og særleg ved tilbakefylling og istandsetting av areal til jordbruksføremål, skal ein påsjå at ein ikkje spreier framande/uønska artar.

### 2. REKKEFØLGJEBESTEMMELSE

- 2.1 Før etablering av nye bruddflater mot Djupmyra skal det etablerast voll/vollar for å hindre utdrenering av myra. Utforming/masstype skal skje i samråd med fagpersonar.

### 3. BYGGEOMRÅDE/ANLEGG SOMRÅDE

#### 3.1 Steinbrudd/masseuttak

- All aktivitet og frift innanfor området skal skje i samsvar med driftsplan. Dette gjeld også tilbakefylling og istandsetting til framtidig jordbruksareal.
- Drift av steinbruddet/masseuttaket skal skje i samsvar med føresegner i minerallova og gjeldande forskrifter, samt vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova. Eksisterande driftsplan skal reviderast.
- Dette gjeld også etablering av sump/dam for oppsamling/sedimentering av slam, forebyggjande etablering av voll mot myrområdet og tilbakefylling og istandsetting framtidig jordbruksareal.
- Ved større støvplager skal det nyttast vatn for å redusere ulempene for ålmenta.
- For å avgrense støvplager skal knusing av fjell skje kvardagar, på dagtid måndag til fredag i tidsrommet 07:00 – 19:00, på laurdag 07:00 – 16:00.
- All aktivitet nær høgspenlina skal skje i samarbeid med netteigar.
- Uttaksområdet skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, både før, under og etter drift.
- Tilkomst til området skal skje etter eksisterande avkøyrslø, regulert i detaljregulering Fv661 Vik – Furneskryset. Frisikta i avkøyrsla skal til ei kvar tid vere i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100.
- Plassering av slambasseng kan justerast i forhold til drifta av steinbruddet/masseuttaket.

- Ved anleggsarbeid, og særleg ved tilbakefylling og istandsetting av arealet til jordbruksformål, skal ein påsjå at ein ikkje spreier framande/uønska plantar.

### 3 GRØNTSTRUKTUR

- 3.1 Rundt uttaksområdet skal det settast av ein sone på min 10 m som buffersone mellom dette og skogs- og myrområdet. Unnataket er der eksisterande uttaksområde ikkje skal kunne utvidast. Innanfor dette området skal det etablerast voll/-ar av lausmasse og stein som forebyggande tiltak for å hindre avrenning/lekkasje frå myrområdet.

### 4 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

- 4.1 Dette er eksisterande myr- og skogsområde. Formålet med dette området er å ta vare på naturtypen, kystfuruskog og særleg myrområdet Djupmyra.

Vedtatt i sak .....

Vestnes, den .....